




## KULTURDEPARTEMENTET SIN NYNORSKPRIS FOR JOURNALISTAR

*Årsrapport 2013*

Christian Wiik Gjerde fekk Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar i år, for god bruk av dialekt og nynorsk i Superblokka i NRK P1.

Magni Øvrebotten

08.08.2013



## Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar

- Dette er ufatteleg stort for meg. Eg er så kry at eg vert sjalu på meg sjølv, som ein stolt unge sa til meg ein gong. Slik skildra Christian Wiik Gjerde korleis det var å få Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar.



Onkelungane hans på Sunnmøre hadde laga krune til han med påskrifta **nynorskprinsen**, og poserte stolte saman med den populære onkelen som er programleiar for notidas barnetime, Superblokka i NRK P1.

Det var jurymedlem Tom **Hetland** som overrekte prisen under Dei nynorske festspela i Aasentunet 28. juni. – Christian Wiik Gjerde møter borna med respekt og openheit på ein venleg måte. Han byr gjerne på seg sjølv og eigne

opplevingar. Slikt blir det gode samtalar og god radio av, sa Tom Hetland, som også la vekt på at Gjerde brukar ein god og levande nynorsk på nettsidene til NRK Super.

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er på 50.000 kroner, ein diplom og eit norsk kunstverk. Christian Wiik Gjerde fekk litografien «Surrekoppar, barnestjerner og full halvmåne», av Oddvar Torsheim.

- Prisvinnaren har gjort ein prisverdig innsats for at barn både i nynorsk- og bokmålsområde tidleg får eit naturleg forhold til det nynorske språket,

*«Dette er ufatteleg stort for meg. Eg er så kry at eg vert sjalu på meg sjølv»*

sa Tom Hetland i talen til prisvinnaren. Hetland er med i juryen for prisen saman med journalist Gry Molvær og forfattar Olaug Nilssen.

## - Dørene opna seg i Førde

Christian Wiik Gjerde starta karrieren sin i NRK som nynorskpraktikant ved NRK Nynorsk mediesenter i Førde. – Dørene opna seg for meg i Førde, eg hadde aldri vore der eg er i dag utan grunntreninga i journalistikk frå NRK Nynorsk mediesenter, sa prisvinnaren i takketalen sin i Ørsta.

Han er frå Tjørvåg på Sunnmøre, fødd i 1981, og brukar dialekt og nynorsk i alle programma, sjølv om dei fleste borna som er med i Superblokka snakkar austlandsdialekt. – Eg snakkar norsk og er meg sjølv. For meg er nynorsk verdas vakraste og rikaste språk. Eg sender ei varm takk til NRK Super, som verkeleg satsar på dialekt og nynorsk. Ungar har ikkje

«Ungar har ikkje språklege fordommar og forstår alt»

språklege fordommar og forstår alt, sa Christian Wiik Gjerde.

Superblokka sender i NRK P1 alle yrkedagar og laurdagar, kl.19.00.

Etter å ha fått Kulturdepartementet sin nynorskpris for

journalistar er Christian Wiik Gjerde sikker på at han kjem til å brenne endå meir for språket sitt. – Eg er «nynorskprinsen» 2013 og skal med handa på hjartet vere ein god ambassadør for nynorsken resten av livet, slo han fast til slutt i takketalen.

Under prisutdelinga spelte gitaristen Stig Ulvestad, med kunstnarnamnet Stig Ulv, to sjølvkomponerte stykke, og komikaren Fredrik Steen fekk fram gapskratten i forsamlinga då han underheldt om munnhell og seiemåtar rundt om i landet.

## 25 framlegg til prisvinnar

Juryen hadde 25 framlegg om 28 namn til kven som burde få nynorskprisen for journalistar i 2013. Seks av dei hadde juryen sjølv lagt over frå 2012. Juryen var godt nøgd med utvalet og la særleg merke til at mange års mas om fleire framlegg om avisfolk har virka. Det har sikkert også medverka positivt at prisen har gått til avisjournalistar dei to siste åra.

Fristen for å kome med framlegg er 1. mars, og prisen var lyst ut i ei rekkje aviser, ein del nettsider og på nettsidene til Kulturdepartementet og NRK Nynorsk mediesenter. Leiaren for mediesenteret er sekretær for juryen, den oppgåva var gåva frå departementet då senteret opna i 2004.

Juryen hadde møte i Bergen 4. juni, og valet av prisvinnar vart gjort mellom fleire gode kandidatar. Dette var den sitjande juryen si siste og åttande tildeling. **Dei samla seg om Christian Wiik Gjerde og gav denne grunngjevinga:**



- I år går prisen til Christian Wiik Gjerde for god formidling av dialekt og nynorsk til barn i Superblokka på NRK P1.

Programmet blir laga som ei sending frå Christian si leilegheit i blokka han bur i, der han dagleg møter barn frå nabolaget og snakkar med dei om livets store og små spørsmål.

Også andre barn blir inviterte til å delta i programmet, gjennom å legge att spørsmål og musikkønske på ein telefonsvarar.

Det er ikkje alltid journalistar tar barn på alvor når dei skal lage reportasjar med ord frå barnemunn, ofte kan det synast viktigare å få ein artig kommentar enn å få vite kva barnet tenkjer og meiner. I program som er laga for barn blir barn tatt på alvor på ein heilt annan måte, noko som ikkje berre krev forståing for og erfaring med barn, men også journalistisk

teft og kløkt. Christian Wiik Gjerde møter borna i Superblokka venleg, respektfullt og ope, og byr gjerne på seg sjølv og sine opplevingar. Det blir det gode samtalar og god radio av.

«Ofte kan det synast viktigare å få ein artig kommentar enn å få vite kva barnet tenkjer og meiner».

Wiik Gjerde kjem frå Gurskøy i Møre og Romsdal, og brukar

dialekten sin i programmet med den største sjølvfølgje. I tillegg skriv han på godt og lett skjøneleg nynorsk på NRK Super sine nettsider. Det gjer at nynorskbrukarane møter sitt eige språk og bokmålsbrukarane sidemålet sitt gjennom arbeidet hans.

Vi møter nye ord kvar dag og kvart år heile livet. Gjennom orda vert verda større, og vi veks sjølve gjennom dei. Ikkje minst for borna er orda ei dør til den store verda. Motsett mange vaksne manglar borna fordommar og motvilje til å lære seg nye ord - tvert imot er dei nyfikne og vil lære så mange som råd.

Dei seinare åra verkar det som om NRK Super har teke dette meir og meir innover seg. Dialektmangfaldet er stort, ikkje berre i Superblokka. Fleire av dei utanlandske filmane som blir sende i barne-tv, er dubba med dialektar, ofte med fleire ulike i same program.

Dei mange programvertane, anten dei er menneske eller dokker, brukar dialekt på ein trygg og naturleg måte. Ikkje berre i Superblokka, men også i barne-tv, Super-Quiz, Supernytt og andre program. Dette meiner juryen for Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar er svært viktig og svært gledeleg. (Sitat slutt).

## Ny jury

Juryen for Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar har site like lenge som prisen har funnest, i åtte år. Dei tre medlemene vart oppnemnde på nytt for fire år sidan, då fram til 1. juli 2013.

NRK-journalist Gry Molvær har vore leiar, og hatt med seg forfattar Olaug Nilsen og kommentator Tom Hetland i Stavanger Aftenblad.



- Det er Kulturdepartementet som bestemmer kven som skal sitje i juryen og eg reknar med at ein ny jury er på plass snart, seier Magni Øvrebotten, som er sekretær for juryen.

På nettsida [www.nynorskmediesenter.no](http://www.nynorskmediesenter.no) – under stikkordet *Nynorskprisen* finn du meir om føremålet med prisen, kven som har fått han, fristen for framlegg, tidlegare årsrapportar og kven som sit i juryen.